

Saksbehandler: Hildur Kleppe  
Tlf.: +47 55587536

Vår dato: 14.01.2010  
Deres dato: 06.11.2009

Vår ref. 2009/4310 - 0  
Deres ref.: 0905396-/BAB

Kunnskapsdepartementet  
Postboks 8119 Dep  
0032 Oslo

## **Uttalelse til høring - Forskrift om rammeplan for grunnskolelærerutdanning**

Høgskulen i Bergen er bedt om å kome med ei høyringsfråsegn om rammeplanutvalets utkast til forskrift om rammeplan for grunnskulelærerutdanning. Høyringa viser til premissane som utvalet har arbeidd etter, og høgskulen legg til grunn at det er eit gjennomtenkt utkast trass i korte tidsfristar.

Utkastet til ny forskrift for grunnskulelærerutdanningane har vorte handsama av fleire sentrale instansar på Høgskulen i Bergen, og særleg på Avdeling for lærarutdanning. Høyringsfråsegna vil i hovudtrekk halde seg kronologisk til utkastet.

### **§ 1 – Virkeområde og formål**

Høgskulen støttar intensjonen i paragrafen, med styrking av profesjons- og forskingsperspektivet. Paragrafen legg vekt på at utdanninga skal innehalde lærarutdanningsfag med dei spesifikasjonar som paragrafen viser til. Høgskulen ser positivt på dette. Høgskulen deler også synet på at lærarutdanningsinstitusjonane skal tilby integrerte, profesjonsretta og forskingsbaserte utdanningar, men stiller eit spørsmål ved det som kjem i det fjerde avsnittet. Der krev forskrifta at utdanningane skal "kvalifisere for forskningsbasert yrkesutøvelse". Dette impliserer at ein grunnskulelærer faktisk skal utøve lærararbeidet sitt på grunnlag av forskning. Kan ein, og har ein, tilstrekkeleg grunnlag for å stille eit slikt krav? Studentane skal utrustast til å kunne nytte seg m.a. av forskning, men høgskulen meiner at implikasjonane av eit krav om forskningsbasert yrkesutøving er å strekke det for langt og foreslår heller omgrepet forskningsreflektert yrkesutøving.

### **§ 2 – Læringsutbytte**

Med iverksettinga av kvalifikasjonsrammeverket vert det på alle nivå innført ei ny oppbygging av faglege styringsdokument for undervisning, frå forskrift til fagplanar, i og med at desse vert læringsutbyttebaserte. Eit grunnleggande prinsipp i læringsutbyttebasert læring er nok tid og ressursar til at studentane kan lykkast i å oppnå læringsutbyttet som er skildra. Læringsutbytteskildringane i forskrifta er omfattande og det er mange ting kandidaten skal "ha kunnskap om ("kunnskap") og

kunne ("ferdigheiter" og "generell kompetanse"). Det vert etter høgskulens syn innarbeidd ein forholdsvis stor risiko for at kunnskapen vert for grunn og at ferdigheitene ikkje får feste seg. Høgskulen vil peike på behovet for ein samla gjennomgang av læringsutbytteskildringane i forhold til slike problemstillingar.

Læringsutbyttet vert i første delen av § 2 skildra i forhold til dei enkelte utdanningane. Høgskulen forstår at det er behov for å skilje i utbytteformuleringar, men ønskjer å peike på at ein i større grad bør understreke verdien av fagleg og fagdidaktisk kunnskap i 1-7-utdanninga (jf. 1. underpunkt). I differensieringa mellom dei to utdanningane står det i utkastet at "Hovedvekten skal ligge på begynneropplæring." Etter høgskulens syn vil det vere betre å skrive at "det skal legges vekt på begynneropplæring" fordi det vil stemme betre overeins med utdanninga.

Høgskulen i Bergen har følgjande merknader til felles læringsutbytte:

Generelt vert krava til fagleg læringsutbytte i denne delen av paragrafen lite tydelege, medan dei pedagogiske og didaktiske krava vert for dominerande.

*Ferdigheiter, 4. underpunkt:*

I utkastet står det at kandidaten "kan tilpasse opplæringen til ulike elevers behov, motivere til lærelyst gjennom å tydeliggjøre læringsmål og bruke varierte arbeidsmåter for at elevene skal nå målene." Det vert litt for snevert å berre vise til læringsmål, og det vil verte betre dersom ein opnar litt opp ved formuleringa "blant annet å tydeliggjøre læringsmål".

*Ferdigheiter, 7. underpunkt:*

I utkastet står det at kandidaten ved fullført utdanning "mestrer norsk muntlig, norsk skriftlig både bokmål og nynorsk, og kan bruke språket på en kvalifisert måte i profesjonssammenheng." Høgskulen støttar ei slik understreking av at kandidatane på ein kvalifisert måte m.a. skal kunne nytte seg av begge målformene. Språk spelar ei viktig rolle for læring generelt. Ein god lærar er ein medviten språkbrukar, og det er ein demokratisk rett for alle elevar å få opplæring på den målforma ein ønskjer. Ut frå innleiinga til felles læringsutbytte kan ein lese at læringsutbytte må verte sett i samanheng med faginnhald og arbeidsmåtar. Det er likevel eit spørsmål kor eit slikt ansvar skal ligge i lærarutdanninga, og høgskulen ser behovet for meir utfyllande retningslinjer for kva det vil seie å kunne "bruke språket på en kvalifisert måte i profesjonssammenheng" og kven som skal ha ansvar for å avgjere om eit tilfredsstillande nivå på dette området er oppnådd av kandidaten.

*Ferdigheiter, 8. underpunkt:*

I utkastet står det at kandidaten "kan vurdere og bruke relevante forskningsresultater og selv gjennomføre systematisk utviklingsarbeid". Det vert etter høgskulens syn stilt urealistiske krav ved at ein forventar at studentane skal kunne "vurdere forskningsresultat". Høgskulen føreslår at teksta vert endra til: "Kan orientere seg i og

bruke relevante forskningsresultater og selv gjennomføre systematisk utviklingsarbeid.” Med ei slik endring får ein i større grad fram at studentane skal lære å hente inn, bruke og oppdatere kunnskap innan det enkelte fagområde, noko som er i tråd med eit av kunnskapsområda i kvalifikasjonsrammeverket.

*Ferdigheiter, 10. underpunkt:*

Høgskulen stiller eit spørsmål ved kvifor entreprenørskap vert trekt fram føre andre arbeidsformer, særleg fordi utvalet har vurdert det slik at læringsutbyttet skal skildre og uttrykke profesjonskompetanse på eit overordna nivå. Høgskolen tilrår at underpunktet får følgjande formulering:

*Kan legge til rette for at lokalt arbeids- og samfunnsliv involveres i opplæringen.*

### **§ 3 – Struktur for differensiert grunnskulelærerutdanning**

Krav til spesialisering og fagleg samansetning. Det vert i andre og tredje avsnitt vist til 4. året i begge utdanningane. Der står det for 1-7-utdanninga at eit undervisningsfag kan erstattast av eitt skulerelevant fag på 30 studiepoeng. For 5-10-utdanninga står det at eit undervisningsfag kan erstattast av eitt undervisningsfag og eitt skulerelevant fag, kvar på 30 studiepoeng. Høgskulen i Bergen meiner det bør opnast for at 4. året i 5-10-utdanninga kan vere eit skulerelevant fag der didaktikk og praksis er inkludert. Høgskulen i Bergen som har lange tradisjonar innanfor dramafaget og som tilbyr master i dramapedagogikk, ser det som uheldig at utvalet ikkje opnar opp for at den enkelte institusjon ut frå tradisjon og identitet kan tilby studentane slike fag over eit år.

Internasjonalisering har vorte framheva som eit av områda det skal satsast på i UH-sektoren. I utvalets forslag står det at ”Lærerutdanningsinstitusjonene skal legge til rette for et internasjonalt semester innenfor 4-årig grunnskolelærerutdanning.” Det mest openbare i dette forslaget er at det er praktisk vanskeleg å få til eit internasjonalt semester før 4. år. Dessutan vil Høgskulen i Bergen peike på at det er ei uheldig avgrensing dersom studentar berre skal kunne ta eitt semester, og ikkje eit heilt år ved utanlandsk lærerutdanningsinstitusjon som del av ei norsk grunnskulelærerutdanning.

#### *Omfanget av praksisopplæringa*

I punktet om omfanget av praksisopplæringa går det fram at omfanget ikkje er auka. 100 dagar tilsvarer 20 veker (forskrift av 2003: 20 til 22 veker). Grunngevinga er formulert i St.meld. nr. 11: ”dersom omfanget økes betydelig innenfor en fortsatt fireårig utdanning, blir det mindre tid til fagstudier”. Tankegangen i forskrift og stortingsmelding er at fagstudiar og praksisopplæring står i motsetning til kvarandre, at tid brukt i praksisopplæring ikkje samtidig kan vere tid brukt til fagstudiar.

Høgskulen i Bergen vil peike på at når forskrifta opprettheld tanken om ei slik motsetning, er dette ikkje i samsvar med ein grunnintensjon med den nye lærerutdanninga, nemleg understrekinga av profesjonsinnretting og integrering av

fag, fagdidaktikk, pedagogikk og praksis. Det støttar heller ikkje opp under neste avsnitt i forskrifta, der det står at "alle undervisningsfag skal være profesjonsrettede lærerutdanningsfag". Ved å ikkje auke lengda på praksis, nyttar ein ikkje høvet til å leggje betre til rette for å drive praksisbasert fagopplæring, og gjer det vanskelegare å oppfylle kravet om at "praksisopplæring skal inngå som en integrert del av alle fagene i utdanningene".

#### **§ 4 – Nasjonale retningslinjer, programplan og indikatorar**

Høgskulen ser behovet for å utarbeide indikatorar for sektoren for å sikre at grunnskulelærerutdanninga skal halde jamn høg kvalitet. Høgskulen er likevel bekymra for at dei indikatorane som vert utarbeidde, skal skildre høg kvalitet på ein kvantitativ måte. Det ligg ei viss fare i at sektoren vil rette merksemda mot indikatorane og arbeide for å få eit best mogleg resultat i høve dei, og i mindre grad arbeide målretta og langsiktig mot ei kvalitativt betre utdanning med bakgrunn i den enkelte institusjons styrkar. Høgskulen i Bergen ser helst at indikatorane kjem ut på høyring i sektoren.

#### **§ 5 – Fritaksvedtak**

Etter høgskulens syn vil vedtektene om fritak, første avsnitt, vere med på å underminere dei tidlegare vedtektene i forskrifta. Dei tidlegare paragrafane støttar sterkt opp under ei integrert, praksisnær og heilskapstenkande utdanning. Fritaksparagrafen vil opne opp for å halde fram med dagens praksis i allmennlærerutdanninga. Høgskulen ser dette som problematisk fordi det vil kunne føre til ulik innpassingspraksis. Høgskulen ønskjer eit sterkare krav til praksis og didaktikk knytt til fag som vert innpassa og foreslår følgjande endring i siste setning, første avsnitt (endring utheva):

*Utdanning som skal gi grunnlag for fritak, må enten være fag som tilsvarer skolefag eller fag som har relevans for arbeid som lærer i grunnskolen, jf. § 1, og må omfatte fagdidaktikk og praksisopplæring.*

Med hilsen

Eli Bergsvik (s)  
rektor

Audun Rivedal (s)  
høgskoledirektør